

# Uforsvarlege drosje-tilhøve i LAVIK?

**Sjuketransportar i varevogn, og sjåføren har ikkje utvida sertifikat, — slik lova krev**

**Og fortенestekøyring utan utvida køyrekort**

Det har i den seinare tid vore myke snakk i bygda og elles om drosjetilhøva i Lavik og visse ting som har samband med dette. Bakgrunnen er at det har vore drive sjuketransportar og fortенestekøyring elles i bil som ikkje er undergitt drosjeløyve og at sjåføren heller ikkje har det utvida køyrekortet som lova krev for slik køyring.

Den einaste som har drosjeløyve i Lavik sentrum er Leiv J. Hellebø. På Øvre Lavikdalen er det Andreas E. Sørestrand. Han driv dessutan gardsbruk og arbeider som radioreparatør, og har knapt om tid, etter det folk seier. Men han har nett no kjøpt seg ny bil for drosjekøyring. Sørestrand er formann i Sunnfj. og Ytre Sogn Drosjeeigarlag.

**Leif Hellebø**

har doktorskyssen i Lavik, og er ofte borte frå vanleg drosjekøyring av denne grunn. Han skal so ha alliert seg med Tomas Kvammen, som i 1954 kjøpte seg varevogn av Folkevogn-type. Det er sonen Ivar Kvammen som køyrer denne, og bilen går ofte i sjuketransport. Men for sjuketransport krevst det utvida køyrekort. Etter det S/SA har fått opplyst ved Sogn Politikammer har ikkje Ivar Kvammen slikt utvida sertifikat. Tomas Kvammen heller ikkje.

**Attåt sjuketransportane**

skal etter det S/SA får opplyst Kvammen og driva noko køyring av arbeidarar for vegstellet. Korvidt det er drive rein drosje-

køyring med denne varebilen elles har vi ikkje kjennskap til.

\*

Som nemnd har jet vorte mykje snakk om desse tilhøva, og S/SA har difor undersøkt litt hjå ein del instansar korleis det har

seg med saka.

Lensmann Ole Bøe i Lavik opplyser på spurnad at han ikkje kjenner til om Ivar Kvammen har utvida køyrekort. Derimot veit han at Kvammen frå tid til annan har drive med sjuketransportar. Saka har vore anmeldt, og førre lensmannen i Lavik hadde etterrøkjing, men saka vart lagd bort utan vidare fylgjer, opplyser lensmannen i Lavik, som ikkje hadde noko med saka å gjera.

Ved anna hald i Lavik vert det opplyst at det er ført opp noko

Framhald på side 4

## Uforsvarlege drosje-tilhøve

(Framhald frå 1. side)

skattbar inntekt på bilen til Kvammen. Når Kvammen har teke sjuketransportar er det elles truleg avdi han som har doktorskyssen ikkje har slik bil at han kan ta med bære i bilen, difor har ein so nytta Kvammen til slike transportar.

**Sogn Politikammer**

kan so på spurnad opplysa at Ivar Kvammen ikkje har utvida sertifikat, heller ikkje omtalte bileigar Tomas Kvammen.

— Krevst det utvida køyrekort for sjuketransport?

— Ja, det er fortенestekøyring og kjem elles inn under reglane om sjukebilkøyring, og til dette vert det kravd utvida køyrekort, svarar politiet.

Det er eit drosjeløyve til i Lavik, nemleg Jon Norevik. Denne skal ofte ha hatt bilen ståande når Hellebø har engasjert Kvammen til transportar, og det er dette som har gjort at folk i Lavik no etter kvart har teke til å snakka om saka. Etter det S/SA høyrer skal Norevik ha vendt seg til Sørestrand om saka, men fåfengt, — i alle fall hittil.